

Premiering av små hjortedyr

22.11.2012



Svein Ottar Rørheim med godt resultat etter første dags jakt - men det var for nokre år sidan (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Under eit møte i hjorterådet er det drøfta om
det kan vera tilrådeleg å yta noko form for
premiering til dei som feller små dyr, eksempelvis
den lettaste vaksne kolla eller lettaste bukken.
Rådet ser ikkje noko problem med ei slik premiering,
men det må markerast at det blir brukt som stimulering
for å oppnå rettare avskyting i høve til kommunal målsetting**

Dette bør takast inn ved revideringa av dei kommunale
målsettingane for hjorteviltforvaltninga.

Hjorterådet går inn for å få istrand eit hjortemøte i vinter. .
Det var stemning for møte ein laurdag i siste del av januar
februar. Møtestad blir helst Kommunestyresalen,
Det blir trekt fram at det i målsettinga bør finnast punkt
for å stimulera til større samarbeid mellom vald/bestandsplanområder.
Det bør også vera noko stimulering for å
trekka inn fleire unge jegerkrefter.

Det vart orientert om registrering av "Sett Hjort" nettbasert
på www.settogsnett.no.
Her kan alle jegerane/jaktfelta registrera sine
observasjonar for kvar dag det blir jakta.
Denne løysninga vart opna om lag 25. september. Informasjon
og oppmoding om å ta den
i bruk er sendt til alle vald som har registrert e-postadresse,
det er likevel til no berre seks jaktfelt som registrert noko.

Hjorterådet synes det er eit godt verktøy som bør brukast av flest mulig.

Det vart orientert om endringar i forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst og i forskriften om forvaltning av hjortevilt. Endringar av gjeldande fellingsavgifter har vore drøfta i hjorterådet også tidlegare, og rådet støttar reguleringa no også.

Det vart spurt om det er midlar som kan søkast til erstatning for tap i avling som er beita av hjortevilt, slik det var tidlegare.

Til dette var svaret at det no ikkje er midlar til å erstatta tapt avling.

Det kan derimot gjevast midlar til førebyggande tiltak, eksempelvis til inngjerding.

Nattejakta vart drøfta. Det vert stadig stilt spørsmål om kva som er lov og ikkje med omsyn til jakt i månelys. Sjølv om det i dag er opna for jakt når det er godt nok lys også nattetid, må jegerane visa omsyn til andre. Folk bør sleppa å bli vekte av geværskot når dei skal sova. Det tas kontakt med lensmannen for å få fram deira synspunkt.

Av Leiv Trygve Varanes